

Årsmøte

i Nordmøre spelmannslag

8. mars 2015 kl. 1630 i «Stornaustet», Halså.

10 medlemmar var til stades da møtet vart sett.

Sak 1 Opning og konstituering.

Leiar Magnar Alberg opna møtet og ønskte alle vel møtt. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Magnar Alberg vart så valt til møteleiar, og Arnstein Brevik vart referent. Hilde Bergfald og Jonny Reitan vart valt til å skrive under møteboka.

Sak 2 Årsmelding for 2014.

Møteleiar gjekk gjennom framlegget til årsmelding. Det vart noko diskusjon om medlemstal og medlemsregistrering m.m. Her kom det fram at det var noko uklårt korleis det låg an. Styret får sjå på denne saka.

Årsmeldinga vart så godkjent utan endringar.

Sak 3 Rekneskap for 2014.

Kasserar Rolf Holte gjekk gjennom rekneskapen og gjorde greie for kva som låg attom dei ulike postane. Rekneskapen er revidert, og revisjonsmeldinga tilrår at rekneskapen blir godkjent som framlagt.

Årsmøtet slutta seg til dette.

Sak 4 Innkomne saker.

Det var ingen innkomne saker.

Sak 5 Arbeidsprogram for 2015.

Årsmøtet gjekk inn for følgjande punkt:

- Deltaking på Fylkekapleiken 2015
- Øvingsplan for vår og hausten 2015
- Muleg deltaking på Nordmørstreffen 2015 (-om vi blir spurt)
- Seminar polsdansspel
- Arrangere Fylkeskapleik 2016
- Inntektsbringande tiltak/ betalt speling (til hausten).
- Den kulturelle spaserstokken
- Søndagsdans

Styret arbeider vidare med dette!

Sak 6 Kontingent for 2014.

Satsane for medlemsskap i Nordmøre spelmannslag blir auka frå 70 til 100 kroner.

Sak 7 Budsjet for 2014.

Kasseraren la fram forslag til budsjett.

Posten Medlemskontingent vart auka med kr 1000 .-

Posten Seminar vart sett til kr 25000.- (Må sjåast på som eit «tak»).

Elles vart framlegget godkjent.

Sak 8 Val

Torgeir Bergfald la fram valnemnda si innstilling. Framlegget fekk full tilslutning av årsmøtet. Resultatet av vala vart som følgjer:

Styre:

Leiar	Daniel Dyrnes	(1 år)
Kasserar	Rolf Holte	(Ikkje på val, 1 år att)
Sekretær	Arnstein Brevik	(2 år)
Styremedlem	Helga Eikrem	(Ikkje på val, 1 år att)
Styremedlem	Silje Osnes	(2 år)

Styret vel sjølv nestleiar.

Vara til styret:

1. Helge Husby 2. Lars Brattset (Begge for 1 år)

Revisorar:

Torstein Hamnes og Arve Heggdal (1 år)

Valnemnd:

Her ønskte ikkje sittande valnemnd å koma med framlegg, men årsmøtet gjekk utan stor diskusjon inn for Magnar Almberg og Peder Hønsvik som ny valnemnd..

Møtet heva kl. 1825.

ref AB

Jonny Reitan /s/

Hilde Bergfald /s/